

Feiaren (brannførebyggaren) varslar deg slik:

Du får SMS på mobilen cirka 1 til 2 veke før feiaren kjem.

I 2020 tok feiarseksjonen i Kinn Brann og Redning, som Bremanger kommune kjøper feie- og tilsynsteneste frå, i bruk varsling pr SMS. Varslinga gjeld både feiing og tilsyn i bustad. SMS-varsling frå feiarseksjonen kostar ingenting for deg som mottakar. Der vi ikkje får treff på mobilnummer blir det sendt ut elektronisk brev (Svar ut).

Nummeret som SMS kjem frå har fleire siffer og kan sjå ut som eit utanlandsnummer (td. 22580167467354). Kommunen styrer dessverre ikkje dette.

Feil mottakar av SMS eller ikkje motteken SMS?

Det kan skje at feil mobilnummeret er registret på ein bustad eller at mobilnummer ditt ikkje er registrert. Vi kan dessverre ikke bytte ut/legge inn nummeret, men du kan gjere endringar sjølv på www.varslemeg.no under «Sjekk min oppføring». Her kan du også velje å ikkje motta slike varsel. Men husk at slik varsling frå kommunen ikkje berre gjeld feiing, men også andre meldingar som kommunen ynskjer å formidle til innbyggjarane sine. Og varselet er utan kostnad for deg!

Hugseliste før feiaren kjem:

- sei i frå til alle i som bur i bustaden om at det vil bli feia
- det må ikkje fyrast i eldstadane (omn og peis) under feiinga
- alle omnsdører, luker og spjeld må vere lukka for å unngå sotskade
- sørg for at feie-/sotluker er tilgjengelege
- legg fram stige. Då ser vi at varselet om feiing er motteke
- sørg for at taksikringsutstyr er i forskriftsmessig stand (ved feiing frå tak)

Under besøket vil vi:

- kontrollere tryggleiken på tak dersom feiinga vert utført frå tak
- feie skorsteinen
- fjerne sot frå sotluke
- gje generell brannverninformasjon (f.eks. plassering av røykvarslarar og sløkkjeutstyr m.m.)
- gje fyringsteknisk rettleiing

Eigar sitt ansvar


Etter at du har motteke varsel om feiing, må du sørge for at heile fyringsanlegget (dvs peis, eldstad osv) er tilgjengeleg for feiing, og utstyrt og innretta slik at det kan feiast på tilfredsstillande måte. Du må legge fram godkjent stige og lukke igjen luker, spjeld og trekkventilar. Dessuten må du sørge for at eldstaden er forsvarleg lukka.

Taksikring

Taksikringsutstyr skal vere typegodkjent og ha monteringsretteleiing på norsk. Utstyret skal monterast i samsvar med monteringsretteleiinga.

- Trinnet/takstigen skal vere festa til berekonstruksjon.
- Feste kun rundt taklekter er ikkje tillate.
- Trinna skal vere skrudd saman til ein samanhengande stige.
- Trinna/takstige skal vere på sida av pipa heilt ned til takrenna.
- Ved sideveis forflytting på tak skal det som hovedregel nyttast takbru, sjå illustrasjon under. Inntil tre trinn plassert sideveis er tillate.


Sklisikring eller stigesikring skal som regel monterast på eller ved takrenna. Denne hindrar stigen å skli når laus stige vert brukt som tilkomst til taket.



Teikning av montering av sklisikring.

Plattform

På skorsteinar som er høgare enn 1,2 m over taket må det vere plattform eller feieluke.



Til venstre: Mellom to skorsteinar skal tilkomst skje via takbru. Til høgre: På skorsteinar som er høgare enn 1,2 m over taket må det vere plattform eller feieluke.

Gangbru

Mellom to skorsteinar skal tilkomst skje via takbru. Eventuelt kan det monterast eigen takstige til kvar skorstein.

Krav til eigar/krav om taksikring

Du finn informasjon om krava til taksikring her:

- Veiledning til forskrift om brannforebygging – versjon 1.0 av 28.12.2015 § 6
- Arbeidsplassforskriften § 2-5 og § 6-5
- Forskrift om utførelse av arbeid § 17-5
- Interne retningslinjer om arbeid på tak